

Røyking på arbeidsplassen

Arbeidsgivaren har ansvaret for arbeidsmiljøet, også for at ingen blir utsette for røyk på arbeidsplassen. Alle har krav på eit røykfritt arbeidsmiljø.

Krav på eit røykfritt arbeidsmiljø

For arbeidstakarar inneber tobakksskadelova at ekspedisjonslokale, arbeidsrom, spiserom, der to eller fleire arbeider, korridorar, trappeoppgangar, toalett og heisar på arbeidsplassen skal vere frie for røyk.

Som hovudregel vil det ikkje lengre vere tillatt å legge til rette for røykerom eller boks på arbeidsstaden. Det fins nokre unntak. Dette gjeld der verksemdas art hindrar arbeidstakarane å forlate arbeidslokala i løpet av arbeidstida. I slike tilfelle kan arbeidsgivar tillate røykerom i særskilt rom. Dette forutset at arbeidsgivar stiller tilsvarende røykfrie opphaldsrom av minst same standard til disposisjon. Arbeidsgivaren er ikkje forplikta til å legge forholda til rette for røyking. Arbeidstakaren har heller ikkje krav på eigne røykepausar.

Rutinar for inn klima skal tas inn i verksemda sitt interne helse-, miljø- og sikkerheitssystem. Der det er tvil om røykeforbodet, skal det tydeliggjerast med synlege skilt.

Arbeidsgivar er ansvarleg for å sørge for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø også ved arbeid heime hjå brukarane, og kan sette vilkår for å ivareta dette.

Du kan lese meir om [krav til det fysiske arbeidsmiljøet i § 4-4 i arbeidsmiljølova](#).

Serveringsstader

Det er ikkje tillate å røyke i lokale der det blir servert mat og/eller drikke. Dette gjeld også kantiner og spiserom.

På uteserveringar kan røyking vere tillate dersom avskjermingar ikkje er til hinder for tilstrekkeleg naturleg ventilasjon, og røyking ikkje blir til plage.

Følgande føresetnader må vere oppfylte:

- Det må ikkje sive røyk frå uteserveringa inn i lokala.
- Uteserveringa må ikkje vere så avskjerma at ho blir "inne"

I ein del tilfelle kan ulike former for skjerming hindre den naturlege utluftinga, og føre til at røyking på uteserveringa blir forbode. Pass derfor på at eventuelle leveggar ikkje når høgare enn til (sittande) skulderhøgde når det også er tak/markise over uteserveringa.

Røykeforbodet skal bli merkt med godt synlege skilt.

Kommunen er tilsynsmyndigheit når det gjeld røyking på offentlig stad.

Bruk av e-sigarettar innandørs

Bruk av e-sigarettar inneber noko utslepp av ulike stoff som propylenglykol, nikotin, metall og ulike stoff som kan vere kreftframkallande. Ein veit ikkje i dag nok om risikoen ved å verte eksponert for damp frå e-sigarettar innandørs, sjølv om utslepp frå e-sigarettar sannsynlegvis er mindre skadelege enn frå vanlege sigarettar. Det er spesielt usikkert kor stor forurensing av innelufta det vert dersom mange brukar e-sigarettar samtidig i same rom.

Framgangsmåte ved brot på tobakkskadelova

Ta opp problemet med arbeidsgivaren, gjerne via [verneombodet](#) eller [arbeidsmiljøutvalet](#). Det kan også vere naturleg å kontakte [bedriftshelsetenesta](#), dersom verksemda har dette. Dersom dette ikkje fører fram, kan ein [kontakte Arbeidstilsynet](#).

Tilsyn med tobakkskadelova

Det er Arbeidstilsynet som fører tilsyn med at lova blir overhalden i arbeidslokale. For andre lokale som er omfatta av tobakkskadelova, til dømes der barn og elevar oppheld seg, er det kommunen som er tilsynsmyndigheit.

Konkrete råd

Arbeidstakar:

Problem skal først takast opp med arbeidsgivar eller verneombod.
Husk at du har inga rett til å røyke i tilknytning til arbeidsstaden.

Arbeidsgivar:

Lag klare instruksar og gi nødvendig informasjon.
Ta eventuelt reglar om røyking inn i arbeidsavtalen ved nytilsetjing.

Regelverk

[Tobakkskadeloven \(lovdata\)](#)
